

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3862 - 19/25352

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
28.08.2019

## Vurdering av elevkapasitet ved Hordabø skule

Miljøretta helsevern har motteke ei førespurnad frå rektor Ståle Villanger om å vurdere elevkapasiteten ved Hordabø skule.

Skulen vart bygd i 2001, og var berekna for ca. 100 barn/elevar i fylgje opplysningar gjeve i søknad om godkjenning etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* som vart motteke 15.02.08. På godkjenningstilsyn den 26.03.08, vart det opplyst at skulen mogleg kunne ha kapasitet til 105 – 140 elevar.

I godkjenning av Hordabø skule etter forskrifta, står det at skulen er berekna for ca. 105 elevar (vår ref. 2007/1180 – 6443/2008).

Hordabø skule har i dag 105 elevar, men vil frå neste år ha 115 elevar iflg elevtalsprognosa pr 26.08.2019 (ref. rektor).

### ➤ Saksutgreiing

Miljøretta helsevern har vurdert tilsendte skisser av rom og utført ei synfaring i lokala den 21.08.19 saman med rektor Ståle Villanger.

Skulen har 7 klassetrinn (1. – 7.), der elevtalet i kvar klasse varierer frå 7 – 23 elevar. Hordabø skule har 6 klasserom, samt diverse spesialrom som skulekjøkken/naturfagrom, sløyd, tekstil, bibliotek, SFO og diverse grupperom. Skulen har ikkje reine klasserom til alle klassetrinn, så ei klasse må nytte eit spesialrom.

Miljø og helse i skolen (§9), anbefaler følgende:

### Innearealene

«Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr. Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m<sup>2</sup> pr. elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m<sup>2</sup> pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m<sup>2</sup> pr. elev. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.»

Norm som beskriver areal til lærer i klasserom er ikke fastsett, men Utdanningsdirektoratet v/Rådgivningstjenesten for fysisk læringsmiljø i skoler og barnehager, foreslår 5m<sup>2</sup> for kvar lærer i klasserom.

Hordabø skule har grupperom tilgjengeleg, og arealnorm på 2 m<sup>2</sup> pr. elev er nytta.

Fast inventar som til dømes skåp og kjøkkeninnreiing som opptar golvareal, er trekt frå det totale arealet. Lærar og anna personale som er med i undervisning bør ha ca. 5 m<sup>2</sup> kvar tilgjengeleg.

Tabell:

Arealberekning Hordabø skule pr. 23.08.19									
Rom nr.	Klasse/namn	Storleik m2	Fråtrekk fast inventar/innreiing	Fråtrekk 5 m2 per lærar	Ca. faktisk str.	Grunnlag	Elevtal pr. i dag	Maks elevtal pr. d.d.	Maks elevtal ved tilrettelegging/tal vaksne
23	1.klasse/SFO	76	34	1 - 2	32	2	7	16	16 - 20
28	2.klasse	51	1	2	40	2	15	20	20
70	3.klasse	51	1	2	40	2	13	20	20
62	4.klasse	60	3	3 - 5	42	2	23	21	16 - 21
71	5.klasse	51	1	2 - 3	35	2	17	18	18 - 20
77	6.klasse/ Skulekjøkken	59	8	2 - 3	36	2	21	0-18	0 - 21
63	7.klasse	42	1	1	36	2	9	18	18
Total							105	113 - 131	108 - 140

**Utheva tal på lærar** er vektlagt ved utrekning av dagens kapasitet.

**Raude tal** på elevar pr. d.d. syner fleire elevar enn elevkapasiteten til rommet pr. d.d.

### ➤ Vurdering av elevkapasitet

Ut i frå tabell syner ein kva areal som er vurdert tilgjengeleg.

- 1.klasse/SFO, nyttar eit rom på 76 m<sup>2</sup>, med kjøkkeninnreiing. Rommet er delt i 2 sonar, slik at barna kan nytte ½-parten til SFO og ½-parten til klasserom. Pr. d.d. er det 7 elevar i 1.klasse. Neste år er prognosen 18 – 20 elevar.

Fast inventar (kjøkkeninnreiing) utgjer ca. 3 m<sup>2</sup>. Berre ½ parten av rommet nyttas til kasserom. Grunna innreiing, og tilgang til tavle nyttast ikkje heile rommet til undervisning. Dersom ein trekk bort areal for fast inventar og den plass lærar/personal treng har ein att ca. 32 m<sup>2</sup>. Dette er stort nok areal til 16 elevar. Det må sjølv sagt vurderast om rommet kan utformas slik at det kan utførast forsvarleg undervisning for fleire elevar (18 – 20 elevar).

- 2.klasse disponerer eit rom på ca. 50 m<sup>2</sup> (fråtrekk av fast inventar). Det er pr. d.d. 15 elevar og 2 lærar/personal i rommet samstundes. Her er det areal til 20 elevar.
- 3.klasse disponerer eit klasserom på ca. 50 m<sup>2</sup> (fråtrekk av fast inventar). Det er pr. d.d. 13 elevar og 2 lærar/personal i rommet samstundes. Her er det areal til 20 elevar.
- 4. klasse disponerer eit klasserom på ca. 57 m<sup>2</sup> (fråtrekk av fast inventar). Det er pr. d.d. 23 elevar og 3 – 5 lærar/personal i rommet samstundes. Her er det areal til 16 - 21 elevar, avhengig av talet på vaksenperson som er med i undervisninga. **Det er ut i frå vurderinga for mange elevar i klasserommet.**
- 5.klasse disponerer eit klasserom på ca. 50 m<sup>2</sup> (fråtrekk av fast inventar). Det er pr. d.d. 17 elevar og 2 – 3 lærar/personal i rommet samstundes. Her er det areal nok til 17 - 20 elevar avhengig av i klasserommet.
- 6.klasse nyttar skulekjøkken/naturfagrom på ca. 59 m<sup>2</sup>. Fråtrekk av kjøkkeninnreiing utgjer golvarealet ca. 51 m<sup>2</sup>. Det er pr. d.d. 21 elevar i 6.klasse og 2 – 3 lærar/personal. Lærar/personal opptek ca. 10 – 15 m<sup>2</sup>, slik at det er att ca. 36 – 41 m<sup>2</sup> til elevane. Dette er areal til ca. 18 - 21 elevar avhengig av talet på vaksenperson i klasserommet. Skulekjøkken/naturfagrom vert nytta grunna det ikkje er nok rom til alle skuleklasser. Det er ikkje ynskjeleg å nytte spesialrom til fast klasserom. Dette grunna at det bind opp skulekjøkken/naturfagrom, slik at andre skuleklasser i liten grad kan nytte seg av dette. Å ha fast klasserom i eit skulekjøkken set høgare krav til hygiene, dersom skulekjøkkenet også skal nyttast til matlaging. Gruppa vert delt i 2 i nokre praktiske fag.
- 7.klasse disponerer eit klasserom på ca. 41 m<sup>2</sup> (fråtrekk av fast inventar). Det er pr. d.d. 9 elevar og 1 lærar/personal i rommet samstundes. Her er det areal nok til 18 elevar.

Ut i frå ei total vurdering har Hordabø skule nok areal til ca. 108 - 140 elevar. Dette er avhengig av tal elevar i dei ulike klassetrinna og kor mange lærarar/personal det vil vere i kvart klasserom. Ingen klasserom har kapasitet til meir enn ca. 21 elevar.

Ved auke i elevtal må skulen omdisponere tilgjengelege klasserom, slik at ein best mogleg held seg innafor arealnorm på min. 2 m<sup>2</sup> pr. elev. Det er ikkje anbefalt å nytte spesialrom til klasserom.

Med helsing

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Einar Færø

Jarle Landås

Olaf Michal Hella

Radøy kommune

Tonje Epland

Tord Lappen Moltumyr

KOPPI